



MØTEINNKALLING

Arkivsak: 13/295-1

Løpnummer: 13/3229

Utval: Utval for plan og miljø

Møtestad: Kommunesetnet

Møtedato: 06.06.2013

Tid: Kl. 16:00

Dokumenta ligg til offentleg ettersyn på heimasida www.fusa.kommune.no og på biblioteket, Kommunesetnet, Eikelandssosen.

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
032/13	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTET 25.04.2013
033/13	DELEGERTE SAKER
034/13	SØKNAD OM GODKJENNING AV BESTANDSPLAN FOR HJORTEJAKT- NØRE FUSA VILTLAG
035/13	SØKNAD OM GODKJENNING AV BESTANDSPLAN FOR HJORT-ØVRE HÅLANDSDALEN HJORTEVALD
036/13	SØKNAD OM GODKJENNING AV BESTANDSPLAN SUNDVOR HJORTEVALD
037/13	SØKNAD OM TILSKOT FRÅ VILTFONDET TIL HJORTEGJERDE RUNDT ATTLEGG
038/13	GBNR. 28/1, BAKKE: SØKNAD OM FRÅDELING AV BUSTADTOMT. KLAGE PÅ AVSLAG I DELEGERT SAKNR. 046/13.
039/13	GBNR. 9/1, GAUGSTAD: SØKNAD OM FRÅDELING AV BUSTADTOMT FRÅ HOVUDBRUK. DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN.
040/13	GBNR. 89/3, LEGLAND: SØKNAD OM FRÅDELING AV BUSTADTOMT RUNDT VÅNINGSHUS OG DRIFTSBYGNING. DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN.
041/13	GBNR. 125/11, ABOTNES: SØKNAD OM BYGGELØYVE FOR TERRASSE OG FASADEENDRING PÅ NAUST/ RORBU. DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN.

- 042/13 GBNR. 13/6, HOLMEFJORD NORDRE: SØKNAD OM
RAMMELØYVE FOR RIVING AV ELDRE BYGG OG BYGGING
AV BUSTADHUS OG GARASJE. DISPENSASJON FRÅ
KOMMUNEPLAN.
- 043/13 GBNR. 86/2, VIK LILLE: SØKNAD OM FRÅDELING AV
BUSTADTOMT. KLAGE PÅ AVSLAG I DELEGERT SAKNR.
188/12.

Eikelandssosen, 28.05.2013

Anne Martinsen
Leiar

Inge Kaldestad
Ansvarleg sekretær

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
032/13	Utval for plan og miljø	06.06.2013	HCB

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTET 25.04.2013

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok frå møtet 25.04.2013 vert godkjend.

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
033/13	Utval for plan og miljø	06.06.2013	HCB

DELEGERTE SAKER

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

Saksframstilling:

DUPM **KKO**
048/13:

GBNR. 34/100, 101, 102, OPSAL: SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK - BYGGING AV FORSTØTNINGSMUR. GODKJENNING.

Vedtak:

Fusa kommune gjev løyve til oppsetjing av forstøtningsmur langs grensa til gbnr. 34/100,101,102, Opsal, mot gbnr. 34/72, slik dette går fram av søknad.

Vilkår for godkjenninga er at muren vert sett opp i samsvar med gjeldande lover og føresegner og at muren vert sikra med gjerde.

Vedtak er gjort med heimel i § 20-1 i plan- og bygningslova.

DUPM **KKO**
051/13:

GBNR. 31/46, FUSA PRESTEGÅRD: SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK - BYGGING AV TILBYGG OG TERASSE TIL BUSTADHUS. GODKJENNING.

Vedtak:

Fusa kommune gjev byggeløyve for tilbygg til bustadhus og terrasse på gbnr. 31/46, Fusa prestegård, på fylgjande vilkår:

1. Arbeidet skal utførast i samsvar med gjeldande lover og føresegner.
2. Vilkår sett av Statens vegvesen skal etterkomast.
3. Ansvarleg utførande skal meldast og godkjennast før arbeidet tek til.
4. Fusa kommune skal ha melding når bygging tek til og når tilbygg og terrasse står

ferdig. Ansvarleg søkjar/ tiltakshavar skal innhenta ferdigattest når arbeidet er utført.

Vedtak er gjort med heimel i § 20-1 i plan- og bygningslova.

DUPM JBE

053/13:

SØKNAD OM FELLINGSLØYVE PÅ GRÅGÅS

Vedtak:

Fusa kommune gjev John Erik Foer eller dei som opptrer på hans vegne løyve til å fella inntil 3 grågås som skadedyr på dyrka marka på gnr/bnr 36/2, 36/4 og 31/4.

Løyvet gjeld frå 12/4.2013 til og med 22/4.2013. Resultat og effekt av tiltaket skal meldast til landbrukskontoret.

Vedtaket har heimel i *Forskrift om felling av viltartar som gjer skade eller som vesentleg reduserar andre viltartarsreproduksjon*, § II punkt B og *naturmangfaldlova* §§ 8-12

DUPM KKO

054/13:

GBNR. 14/41, HOLMEFJORD SØNDRE: SØKNAD OM BYGGELØYVE FOR FRITIDSBUSTAD. GODKJENNING.

Vedtak:

Fusa kommune gjev byggeløyve for fritidsbustad på gbnr. 14/41, Holmefjord søndre, på fylgjande vilkår:

1. Fritidsbustaden skal setjast opp i medhald til gjeldande lover og føresegner.
2. Avlaup skal gå til offentleg leidningsnett.
3. Høgde på loft skal vera under 1,9 meter, dvs. ikkje målbart areal.
4. Det skal sendast inn teikning av takstol frå takstolleverandør, som viser bæresystemet.
5. Fusa kommune skal ha melding når bygging tek til og når fritidsbustaden står ferdig. Ansvarleg søkjar/ tiltakshavar skal innhenta ferdigattest/ mellombels bruksløyve før fritidsbustaden vert teken i bruk.

Kåre Holmefjord, 5642 Holmefjord, org.nr. 970203966, og Jarle Berge, Stølane 25, 5640 Eikelandsosen, org.nr. 971205040, får lokal godkjenning i samsvar med søknad for dette tiltaket.

Vedtak er gjort med heimel i §§ 20-1 og 22-3 i plan- og bygningslova, samt godkjent reguleringsplan for del av gbnr. 14/3 (Blåbærsletto).

DUPM JBE
055/13:

SØKNAD OM FELINGSLØYVE PÅ GRÅGÅS

Vedtak:

Fusa kommune gjev Magnar Vinsjansen eller andre som opptrer på hans vegne løyve til å fella inntil 2 grågås som skadedyr dyrka marka på gnr/bnr 29/3.

Løyvet gjeld frå 12/4.2013 til og med 22/4.2013. Resultat og effekt av tiltaket skal meldast landbrukskontoret.

Vedtaket har heimel i *Forskrift om felling av viltartar som gjer skade eller som vesentleg reduserar andre viltartarsreproduksjon*, § II punkt B og *naturmangfaldlova* §§ 8-12

DUPM JBE
056/13:

SØKNAD OM FELLINGSLØYVE PÅ GRÅGÅS

Vedtak:

Fusa kommune gjev Torbjørn Berge eller dei som opptrer på hans vegne løyve til å fella inntil 2 grågås som skadedyr på dyrka marka på gnr/bnr 26/1.

Løyvet gjeld frå 12/4.2013 til og med 22/4.2013. Resultat og effekt av tiltaket skal meldast til landbrukskontoret.

Vedtaket har heimel i *Forskrift om felling av viltartar som gjer skade eller som vesentleg reduserar andre viltartarsreproduksjon*, § II punkt B og *naturmangfaldlova* §§ 8-12

DUPM JKÅ
057/13:

SØKNAD OM KONSESJON PÅ FALLRETTAR.

Vedtak: Fusa kommune gir Gråklubben Kraftverk AS (org. nr. 999 315 720) konsesjon til å leiga fallrettar frå gnr/bnr 94/1 og 94/3 mellom kote 340 og 12 i Gråklubbelva og driva kraftstasjonen med punkt feste gnr. 94 bnr. 1 fnr. 1 i 40 år frå 1. oktober 2013.

Vedtaket har heimel i konsesjonslova § 1 og 3.

DUPM KKO
058/13:

GBNR. 34/39, M.FL, OPSAL: SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK - BYGGING AV GANGBRU VED KRYSS TIL OPSALMARKA BUSTADFELT. GODKJENNING.

Vedtak:

Fusa kommune godkjenner byggeløyve for ny gangbru med tilkomstvegar ved kryss til Opsalmarka bustadfelt, gbnr. 34/ 39, m.fl., på fylgjande vilkår:

1. Arbeidet skal utførast i samsvar med gjeldande lover og føresegner, samt godkjent reguleringsplan.

Entreprenør G & H Skjelnes AS, Seimshagen 30, 5472 Seimsfoss, org.nr. 971238429, får lokal godkjenning for ansvarsrett for overordna utførande for tiltaket.

Vedtak er gjort med heimel i § 20-1 og 22-3 i plan- og bygningslova, samt godkjent reguleringsplan for Opsalmarka bustadfelt.

DUPM **KKO**
059/13:

GBNR. 31/45, FUSA PRESTEGÅRD: SØKNAD OM FRÅDELING AV BUSTADTOMT. GODKJENNING.

Vedtak:

Fusa kommune gjer om vedtak i sak UPM-174/12 og gjev løyve til å dela ifrå gbnr. 31/45, Fusa prestegård, ei bustadtomt på fylgjande vilkår:

1. Frådelinga skal skje i samsvar med gjeldande lover og føresegner.
2. Avlaup skal gå til offentleg leidningsnett. Leidningsnett over tomta må leggjast om før bygging på tomta.
3. Geologisk rapport, datert 15.01.2013, skal leggjast til grunn for bygging på tomta. Kjøpar skal orienterast om skredvurderinga.

Vedtak er gjort med heimel i § 20-1 i plan- og bygningslova.

DUPM **KKO**
060/13:

GBNR. 13/2, HOLMEFJORD NORDRE: SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK - TILBYGG TIL REISKAPSHUS. GODKJENNING.

Vedtak:

Fusa kommune gjev byggeløyve for tilbygg til reiskapshus på gbnr. 13/2, Holmefjord nordre, på fylgjande vilkår:

1. Arbeidet skal utførast i samsvar med gjeldande lover og føresegner.
2. Det skal ikkje vera innlagt vatn i bygget.
3. Fusa kommune skal ha melding når bygging tek til og når tilbygga står klar ferdig. Ansvarleg søkjar/ tiltakshavar skal innhenta ferdigattest før tilbygga vert tekne i bruk.

Hans-Arne Sagen, Holsundvegen 59, 5642 Holmefjord, får lokal godkjenning som sjølvbygger i samsvar med søknad.

Vedtak er gjort med heimel i §§ 20-2 og 22-3 i plan- og bygningslova.

DUPM **KKO**

061/13:

GBNR. 85/29, ÅKRE: SØKNAD OM RAMMELØYVE FOR BYGGING AV TILBYGG, FASADEENDRING OG HAGESTOVE. GODKJENNING.

Vedtak:

Fusa kommune gjev rammeløyve for bygging av tilbygg til fritidsbustad, samt loftsvindu og hagestove, på gbnr. 85/29, Åkre, på fylgjande vilkår:

1. Det skal søkjast om igongsetjingsløyve før byggearbeid tek til.

Vedtaket er gjort med heimel i §§ 20-1 og 21-2 i plan- og bygningslova.

DUPM **JBE**

062/13:

SØKNAD OM FELLINGSLØYVE PÅ GRÅGÅS

Vedtak:

Fusa kommune gjev Haldor Tuft eller dei som opptrer på hans vegne løyve til å fella 1 grågås som skadedyr på dyrka marka på gnr/bnr 84/1,2.

Løyvet gjeld frå 30/4.2013 til og med 8/5.2013. Resultat og effekt av tiltaket skal meldast til landbrukskontoret.

Vedtaket har heimel i *Forskrift om felling av viltartar som gjer skade eller som vesentleg reduserar andre viltartarsreproduksjon*, § II punkt B og *naturmangfaldlova* §§ 8-12

DUPM **KKO**

063/13:

GBNR. 88/67, SÆRVOLL: SØKNAD OM BYGGELØYVE FOR GARASJE. GODKJENNING.

Vedtak:

Fusa kommune tek ikkje klage frå nabo til fylgje og gjev byggeløyve for garasje på gbnr. 88/67, Særvoll, på fylgjande vilkår:

1. Garasjen skal setjast opp i medhald til gjeldande lover og føresegner.
2. Ansvarleg utførande skal meldast og godkjennast før garasjen vert teken i bruk.
3. Vilkår for dispensasjon frå byggegrensa, sett av Statens vegvesen, skal etterkomast.
4. Fusa kommune skal ha melding når bygging tek til og når garasjen står ferdig.
Ansvarleg søkjar/ tiltakshavar skal innhenta ferdigattest før garasjen vert teken i bruk.

Fusa kommune har her vurdert at plassering og høgde av garasje ikkje vil gje vesentleg meir utsiktstap eller andre visuelle ulemper i forhold til dei utsiktsforholda som allereie er i dag.

Vedtaket er gjort med heimel i § 20-1 i plan- og bygningslova.

DUPM JKÅ
064/13:

SØKNAD OM KONSESJON PÅ NAUSTTOMT

Vedtak:

Fusa kommune gjev konsesjon til Frode Anfinsen for å kjøpe nausttomta gbnr. 9/68.

Vedtaket har heimel i konsesjonslova § 1.

DUPM KKO
065/13:

GBNR. 8/39 (8/5), BOGE ØVRE: SØKNAD OM BYGGELØYVE FOR GARASJE PLASSERT PÅ GBNR 8/5. GODKJENNING.

Vedtak:

Fusa kommune gjev byggeløyve for garasje tilhøyrande gbnr. 8/39, Boga øvre, plassert på gbnr. 8/5, på fylgjande vilkår:

1. Garasjen skal først opp i samsvar med gjeldande lover og føresegner.
2. Ansvarleg utførande for grunn/ betong- og tømrararbeid skal meldast før byggearbeidet tek til.
3. Fusa kommune skal ha melding når bygging tek til og når garasjen står ferdig. Ansvarleg søkjar/ tiltakshavar skal innhenta ferdigattest før garasjen vert teken i bruk.

Vedtaket er gjort med heimel i § 20-2, jfr. § 20-1, i plan- og bygningslova.

DUPM SAL
066/13:

SØKNAD OM FRITAK FRÅ KRAV TIL GJØDSLINGSPLAN

Vedtak:

Bjørnefjorden Landbrukskontor gjev Sofie Austefjord, org.nr. 984 828 950, dispensasjon frå krav om å ha gjødslingsplan.

Vedtaket gjeld inntil 31.12.2018 under føresetnad at driftsopplegget ikkje vert endra i denne perioden. Eventuell auke i dyretal eller reduksjon i arealgrunnlaget kan medføre at fritaket fell bort. Søkjaren må i god tid informera landbrukskontoret om planlagde endringar av drifta.

Vedtaket har heimel i forskrift om gjødslingsplanlegging § 5.

DUPM KKO
067/13:

GBNR. 99/44, ENGEVIK: SØKNAD OM BYGGELØYVE FOR DOBBELT NAUST OG KLE INN STEINKAL. GODKJENNING.

Vedtak:

Fusa kommune gjev byggeløyve for dobbelnaust på gbnr. 99/44, Engevik, samt kle inn

steinkai, på fylgjande vilkår:

1. Arbeidet skal utførast i samsvar med lover og føresegner.
2. Godkjent reguleringsplan skal fylgjast. Endringar skal meldast og godkjennast på førehand.
3. Naust og kledning av kai skal haldast i miljøvenlege fargar.
4. Fusa kommune skal ha melding når bygging tek til og når naust står ferdig. Ansvarleg søkjar/ tiltakshavar skal innhenta ferdigattest før naust vert teke i bruk.

Kjell Sigmund Kvalvik, Frekadalsvegen 57, 5306 Erdal, får lokal godkjenning for utførande tømrrarbeid, i samsvar med søknad.

Vedtak er gjort med heimel i godkjent reguleringsplan, jfr. §§ 20-2 og 22-3 i plan- og bygningslova.

DUPM **KKO**

068/13:

GBNR.84/155, TUFT: SØKNAD OM BYGGELØYVE FOR BUSTADHUS. GODKJENNING.

Vedtak:

Fusa kommune gjev byggeløyve for bustadhus på gbnr. 84/155, Tuft, på fylgjande vilkår:

1. Bustaden skal setjast opp i medhald til gjeldande lover og føresegner, samt godkjent reguleringsplan.
2. Avlaup skal gå til felles privat leidningsanlegg.
3. Fusa kommune skal ha melding når bygging tek til og når bustaden står ferdig. Ansvarleg søkjar/ tiltakshavar skal innhenta ferdigattest/ mellombels bruksløyve før bustaden vert teken i bruk.

Vedtak er gjort med heimel i §§ 19-2 og 20-1 i plan- og bygningslova.

DUPM **JBE**

069/13:

SØKNAD OM HIJAKT PÅ REV - KRISTAN HELLAND

Vedtak:

Fusa kommune gjev Kristian helland eller dei som opptrer på hans vegne løyve til å driva hijakt for å ta ut rev som tek lam på beite på gbnr 19/6. Det vert gjeve løyve til å ta ut foreldre og ungar får eit hi.

Løyvet gjeld til 15 juni.

Resultat og effekt av tiltaket skal meldast landbrukskontoret

Vedtaket har heimel i forskrift om felling av viltarter som gjør skade eller som vesentlig reduserer andre viltarters reproduksjon kap II og naturmangfaldlova §§ 8-12

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
034/13	Utval for plan og miljø	06.06.2013	JBE

Sakshandsamer: Johan Bergerud

Arkivsaknr 13/746

SØKNAD OM GODKJENNING AV BESTANDSPLAN FOR HJORTEJAKT- NORE FUSA VILTLAG 2013-2015

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune godkjenner 3 årig bestandsplan for Nore Fusa Viltlag for perioden 2013-2015.

Det vart gjeve løyve til å fella 150 hjort i perioden. Avskytinga skal følgje oppsettet i bestandsplanen, Avviket skal ikkje vere større enn 10 % for perioden.

Areal per dyr vert 394 da.

Vedtaket har heimel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 9 og 19

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:
Utval for Plan og Miljø

Saksdokument:

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
23.05.2013	BESTANDSPLAN	60328

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysninger:

Nore Fusa Viltlag har no fullført bestandsplan for hjort 2010-2012. Dei har no laga ein ny bestandsplan å søkar om godkjenning av den for 3 år.

Måla i planen er som følgjar:

Størst mogleg avkastning av hjortestamma veid mot skader stamma påfører skog og innmark, uttaket skal vera i tråd med ei langsiktigforvaltning.

Svak reduksjon i høve til noverande nivå

Dei ønske høg produksjon i stamma, følgleg må det skytast mykje ungdyr. Dei ønske også jamn fordeling mellom kjønna.

Det er lagt opp til følgjande uttak dei neste 3 åra:

	Mål
kalv	36
Spissbukk	36
Kolle	57
eldre hann	21
sum	150

Valdet har og sagt at dei ønskjar at ½ av dei felte kollan skal vere kviger.

Avskytinga i førre planperiode:

År	Tildelt totalt	Felt hannkalv	Felt hokalv	Felt hann 1 ½ år	Felt ho 1 ½ år	Felt hann eldre	Felt ho eldre	Felt totalt	Fellings prosent
2010	47	6	5	8	11	6	8	44	93,6
2011	47	4	2	13	6	8	11	44	93,6
2012	47	3	5	8	7	8	9	40	85,1
sum	141		25	29	24	22	28	128	90,8
%			19,5	22,7	18,8	17,2	21,9		

Måla i den førre bestandsplanen samanlikna med fellingsresultata dei siste 3 år:

	Mål %	Felt %
kalv	21,3	19,5
Spissbukk	22,7	22,7
kolle	41,1	40,6
eldre hann	14,9	17,2

Vurdering:

Planen legg opp til at bestanden skal reduserast noko. Det skal også takast ut fleire dyr i område med stor skadeproblematikk.

Minstearealet i Fusa kommune er 450 da pr fellingsløyve. Etter denne planen vert arealet per dyr i valdet 394 da. Kommunen kan fråvike minstearealet med inntil 50 % ved tilde ling av fellingsløyve.

I den førre planperioden vart det felt litt mindre kalv og litt meir eldre bukk enn målet. Det er likevel ikkje vesentlige avvik frå planen.

Forskrift om forvaltning av hjortevilt vart revidert i 2012 og har no opna for at fleire vald no kan utarbeide felles bestandsplan. Hordahjort (merkeprosjektet) som Fusa kommune har vore ein del av er no inne i en avsluttande fase kor ein skal ta i bruk dei data som ein har fått, når det gjeld hjortens arealbruk og sesongtrekk. Dei vil blant anna komma med forslag til kva områder som bør samarbeide om forvaltning av hjorten. På grunnlag av dette vil kommunen minna dei valda som no får godkjente bestandsplanar om at dei bør følgje med på utviklinga av dette og sjå på moglegheiter for samarbeid med andre vald.

Planen tilfredstiller dei formelle krava. Administrasjonen rår til at han vert godkjent slik han ligg føre.

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
035/13	Utval for plan og miljø	06.06.2013	JBE

Sakshandsamer: Johan Bergerud

Arkivsaknr 13/694

**SØKNAD OM GODKJENNING AV BESTANDSPLAN FOR HJORT-
ØVRE HÅLANDSDALEN HJORTEVALD
2013 - 2015**

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune godkjenner 3 årig- bestandsplan for Øvre Hålandsdalen hjortevald for perioden 2013-2015.

Det vert gjeve løyve til å fella 233 hjort i perioden. Avskytinga skal følgje oppsettet i bestandsplanen. Avviket skal ikkje vere større enn 10 % for perioden.

Vedtaket har heimel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 19.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:
Utval for plan og miljø

Saksdokument:
Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
13.05.2013 07:52:26	SØKNAD OM GODKJENNING AV NY FORVALTNINGSPLAN FOR HJORT 2013 - 2015 -	59925

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysninger:

Øvre Hålandsdal hjortevald har søkt om godkjenning av bestandsplan for hjort i perioden 2013-2015.

Valdet har no fullført sin bestandsplan som gjaldt frå 2010-2012.

Hovudmåla i planen er som følgjer:

- Driva ei kontrollert avskyting som stabiliserer stamma i høve til naturgrunnlaget og jord-/skogbruksdrift
- Sikre ei sunn og mest mogeleg naturleg samansetjing av kjønn og alder i bestanden.

Det er lagt opp til følgjande uttak dei neste 3 åra:

233 dyr totalt	Mål
kalv	40
1 1/2 år	87
eldre ho	40
eldre hann	48
Ufordelt (kalv og 1 1/2 år)	18

Det er sett som mål at minst 1/3 av 1 ½ års dyra som vert skotne er hodyr.

Den ufordelte kvoten er dyr som skal kunne takast ut i områder med mykje dyr og sterkt skadepress.

Avskytinga i førre planperiode:

År	Tildelt totalt	Felt hannkalv	Felt hokalv	Felt hann 1 ½ år	Felt ho 1 ½ år	Felt hann eldre	Felt ho eldre	Felt totalt	Fellings prosent
2010	72	11	5	15	5	15	16	67	93,1
2011	72	7	5	14	16	12	11	65	90,3
2012	71	8	7	17	15	14	8	69	97,2
sum	215		43	46	36	41	35	201	93,5
%			21,4	22,9	17,9	20,4	17,4		

Måla i den førre bestandsplanen samanlikna med fellingsresultata dei siste 3 år:

	Mål %	Felt %
kalv	18,6	21,4
1 1/2 år	40,4	40,8
eldre ho	18,6	17,4
eldre hann	22,4	20,4

Vurdering:

Planen legg opp til at bestanden skal stabiliserast i høve til grunnlaget til jord og skogbruk, dette vil sei at tal hjort skal reduserast i enkelte delar av valdet.

Når det gjeld kategorien 1 ½ års dyr så er det ikkje sett noko klarare mål enn at minst 1/3 av desse dyra skal vere kviger. Dette er noko lågt men når ein ser på resultatet frå den førre bestandsplanen så utgjorde 1 ½ års hodyr meir enn 1/3 av 1 ½ års dyr. Landbrukskontoret oppfordrar valdet til å ta ut fleire kviger enn minimumstala i planen tilseier.

Valdet har lagt opp til ei intern ordning i høve til å ta ut små dyr (skrapdyr). Dette skal gjennomførast ved at dyr som veg mindre enn bestemte vektgrenser vert rekna som skrapdyr. Det er mellom anna dette som den ufordelte kvoten skal nyttas til. Kommunen presiserer at alle skotne dyr skal rapporterast og betalast fellingsavgift for.

Valdet har og sagt at dersom dyr er sjuke og ikkje eigna til mat til menneske så skal dette kontrollerast av veterinær. Dersom dyr vert kassert av veterinær så skal kommunen varslast om dette. Dersom dyr vert kassert av veterinær så reknast dyret som fallvilt og skal ikkje takast av kvoten til valdet.

Øvre Hålandsdalen hjortevald er eit typisk sommarområde for mykje hjort. Dyr frå både andre områder i Fusa kommune og andre kommunar trekkjer hit om sommaren, og trekkjer ut igjen dei fyrste vekene av jakta.

Forskrift om forvaltning av hjortevilt vart revidert i 2012 og har no opna for at fleire vald no kan utarbeide felles bestandsplan. Hordahjort (merkeprosjektet) som Fusa kommune har vore ein del av er no inne i en avsluttande fase kor ein skal ta i bruk dei data som ein har fått, når det gjeld hjortens arealbruk og sesongtrekk. Dei vil blant anna komma med forslag til kva områder som bør samarbeide om forvaltning av hjorten. På grunnlag av dette vil kommunen minna dei valda som no får godkjente bestandsplanar om at dei bør følgje med på utviklinga av dette og sjå på moglegheiter for samarbeid med andre vald.

Planen tilfredstiller dei formelle krava. Administrasjonen rår til at han vert godkjent slik han ligg føre.

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
036/13	Utval for plan og miljø	06.06.2013	JBE

Sakshandsamer: Johan Bergerud

Arkivsaknr 13/609

**SØKNAD OM GODKJENNING AV BESTANDSPLAN SUNDVOR
HJORTEVALD
2013-2015**

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune godkjenner 3-årig bestandsplan for Sundvor hjortevald for perioden 2013-2015.

Fusa kommune godkjenner ikkje den delen av bestandsplanen som omhandlar skapdyr.

Det vert gjeve løyve til å fella 288 hjort i perioden. Avskytinga skal følgje oppsett i bestandsplanen. Avviket skal ikkje vere større enn 10 %.

Det teljande areal til valdet vert endra frå 39120 da til 42886 da.

Vedtaket har heimel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 10 og 19

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:
Utval for Plan og Miljø

Saksdokument:

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
24.05.2013	BESTANDSPLAN SUNDVOR 2013-2015	60468

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysninger:

Sundvor hjortevald har søkt om godkjenning av bestandsplan for hjort i perioden 2013-2015.

Valdet har no fullført sin bestandsplan som gjeldet frå 2010-2012

Hovudmålet i planen er: Valdet skal ha ei sunn, livskraftig hjortestamme, som er tilpassa naturgrunnet, og eit aktivt jordbruk.

- Bestanden skal reduserast i høve til dagens nivå.
- Utviklinga i bestanden skal basera seg på fellingsstatistikk og sett hjort.
- Innslag av stor bukk skal ikkje reduserast i høve til dagens nivå.
- Slaktevektene for ungdyr opp til 1 ½ år skal vise positiv utvikling i høve til vektregiseringar.
- Årleg felling skal vere minst 80 % av tildelte dyr, og i heile planperioden skal fellingsprosenten vere 90 %.
- Jaktfelte skal samarbeide for å oppnå høg nok fellingsprosent.
- Det skal ikkje vere konflikt mellom hjortejakta og ålmenta si ferdsle i utmark.

Det er lagt opp til følgjande uttak dei neste 3 åra:

	Mål
kalv	87
ho 1 1/2 år	45
hann 1 1/2 år	42
eldre ho	72
eldre hann	42

Avskytinga i førre planperiode:

År	Tildelt totalt	Felt hannkalv	Felt hokalv	Felt hann 1 ½ år	Felt ho 1 ½ år	Felt hann eldre	Felt ho eldre	Felt totalt	Fellings prosent
2010	66	8	9	8	8	10	16	59	89,4
2011	67	10	8	7	11	11	15	62	92,5
2012	67	12	11	13	11	8	15	70	104,5
sum	200		58	28	30	29	46	191	95,5
%			30,4	14,7	15,7	15,2	24,1		

Måla i den førre bestandsplanen samanlikna med fellingsresultata dei siste 3 åra:

	Mål %	Felt %
kalv	30	30,4
Ho 1 1/2 år	15	14,7
Hann 1 1/2 år	15	15,7
eldre ho	25	24,1
eldre hann	15	15,2

Valdet har og lagt opp til ei "skrapdyr" ordning kor det er opp til valdet kva dyr som skal reknast som "skrapdyr" og at desse dyra ikkje påverkar fellingsresultatet.

Det teljande arealet har vore 39120 da. Det har no være oppdaga at eit felles eige på gnr 121 (Lygre) ikkje har vore med. Dette er no teke med, dette arealet er 3897 da, av dette er 151 da

over 600 moh og kan ikkje reknast som teljande areal. Valdets sitt teljande areal vert no 42886 da.

Vurdering:

Planen legg opp til at bestanden skal reduserast i høve til dagens nivå.

I rundskriv av februar 2012 – Viltloven – forvaltning av hjortevilt. Bør vektgrenser ikkje implementeras i bestandsplanane.

Alle dyr som vert skotne skal rapporterast til kommunen dette gjeld og dyr som valdet meiner er ”skrapdyr” på grunnlag av lav slaktevekt. Det einaste tilfelle kor dyr ikkje skal takst på kvoten er om dyret er sjukt og ikkje er egna til mat til menneske. I desse tilfella bør veterinær avgjerda om dyret er egna til mat.

Valdet kan laga ei intern ordning med vektgrenser og skrapdyr, men dyrets reelle alder og kjønn skal rapporterast til kommunen i fellingsrapporten til valdet og det skal betalast fellingsavgift for desse dyra. Dersom ei slik ordning førar til at valdet feller fleire dyr enn dei har fått løyve til så vil kommunen samarbeide med valdet og eventuelt gje tilleggs løyve dersom det vert nødvendig.

Tanken bak skapdyrordningar med vektgrenser er god. Jegerane vert oppmoda til å ta ut dei minste og svakast dyra, og dermed vil ein få ein frisk hjortestamme med god produksjon. Det er likevel ikkje kommunen si oppgåve å gjennomføra ei slik ordning. Det er viktig at dette ikkje forvekslast med fallviltordninga der det er kommune si plikt å avlive og ta seg av skadd vilt.

Forskrift om forvaltning av hjortevilt vart revidert i 2012 og har no opna for at fleire vald no kan utarbeide felles bestandsplan. Hordahjort (merkeprosjektet) som Fusa kommune har vore ein del av er no inne i en avsluttande fase kor ein skal ta i bruk dei data som ein har fått, når det gjeld hjortens arealbruk og sesongtrekk. Dei vil blant anna komma med forslag til kva områder som bør samarbeide om forvaltning av hjorten. På grunnlag av dette vil kommunen minna dei valda som no får godkjente bestandsplanar om at dei bør følgje med på utviklinga av dette og sjå på moglegheiter for samarbeid med andre vald.

Planen tilfredstiller dei formelle krava og administrasjonen tilrår at han vert godkjent, bortsett frå avsnittet om skrapdyr.

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
037/13	Utval for plan og miljø	06.06.2013	JBE

Sakshandsamer: Johan Bergerud

Arkivsaknr 12/1507

SØKNAD OM TILSKOT FRÅ VILTFONDET TIL HJORTEGJERDE RUNDT ATTLEGG

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Utval for plan og miljø godkjenner framlegg til retningslinjer for bruk av det kommunale viltfondet til inngjerding av attlegg.

Vedtaket har heimel i Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond § 5

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:
Utval for Plan og Miljø

Saksdokument:
Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
27.05.2013	Framlegg til retningslinjer for bruk av det kommunale viltfondet til inngjerding av attlegg av eng.doc	60545

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysninger:

Fusa bondelag har sendt eit forslag til Fusa kommune om bruk av midlar frå det kommunale viltfondet til gjerde som skal settjast opp rundt attlegg på dyrka mark.

Fleire gardbrukarar i kommunen har store skader grunna beiting av hjort på innmark. Dette gjeld særleg på dei areala som vert fornya. Dette graset er svært smakleg for hjorten, samt at jorda er meir sårbar grunna tråkk når ho er arbeida med.

For å oppretthalda god kvalitet på avlinga, bør eng fornyast med jamne mellomrom, 3-5 år.

Grunna store skader på attlegg, er det fleire bønder som no ikkje fornyar eng.

Pr i dag er det kr 96934,- på det kommunale viltfondet Det budsjettert med kr 50000 til tilskot etter søknad. Ei tilskotsordning slik ho er framlagt no vil estimert krevja omlag kr 50000 dersom det kjem 6 søknadar. Dette vil variere med storleiken på bruka som søker. Viltfondet hadde i 2012 inntekt på kr 130 000 i fellingsavgift.

Faste kostnader frå viltfondet er arbeid med trafikkskadd vilt på kr 56000 pr år. Samt tilskot på ca kr 5000 til Fusa jakt og fiskelag i samband med arrangement av jegerprøvekurs. Dei siste åra har det og vore nytta midlar frå viltfondet til teljing av gås kr 7500.

Dei siste 5 åra har viltfondet og vore nytta til Hordahjort prosjektet som kommunen har delteke i. Dette prosjektet vert avslutta i 2013.

Vurdering:

Etter forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond § 5 kan midlar får viltfondet blant anna nyttast til; tiltak for å førebygge skade på landbruksnæring voldt av hjortevilt.

Fusa kommune har vedteke ein strategi om forvaltning av hjort som seier at hjortestamma skal reduserast med 30 % fram til år 2020, blant anna grunna store skader på landbruksinteresser. Statistikk frå avskytinga og ”sett hjort” registreringane tydar på at ein no har stansa veksten i hjortestamma. I nokre område i kommunen har ein starta å sjå ein nedgong.

I den kommunale strategien for forvaltning av hjortevilt, er det vedteke at det ikkje vert gjeve midlar frå viltfondet til inngjerding av eng. Men det vert gjeve midlar til inngjerding av rundballar og felt med fruktproduksjon og juletreproduksjon.

Dersom ein gjerder inn attlegg i eit år så får ein sikra at ein får ein god avling frå det inngjerda arealet det året samt at ein sikar at jorda får sett seg ordentleg etter arbeidet med jorda.

Eit slikt tiltak vil kunne føra til at det vert meir beiteskade på tilgrensande areal med eng.

Mange gardbrukarar har no store problem med at dei ikkje klarar å fornye eng grunna sterkt beitepress frå hjort, Den største skaden kjem det fyrste året etter at attlegget er sådd. Eit elektrisk gjerde rundt attlegget kan avgrensa desse skadane betydeleg. Dette gjerdet vil kunne flyttast ganske enkelt, og gardbrukarane vil dermed kunne fornye alt engareal i løpet av ein 5 års periode og få god drift av arealet.

Situasjonen er no så alvorleg for gardbrukarar som driv aktivt at landbrukskontoret no vil tilrå at det kan gjevast tilskot til elektrisk gjerde rundt attlegg.

Det bør framleis ikkje gjevast tilskot til permanent gjerde rundt areal med grasproduksjon.

Dersom fellingstala går ned vil inntektene til det kommunale viltfondet minke. I så tilfelle må kommunen vurdere å avvikla denne ordinga dersom ho vert vedteke.

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
038/13	Utval for plan og miljø	06.06.2013	KKO

Sakshandsamer: Kjetil Koldal

Arkivsaknr 12/1028

**GBNR. 28/1, BAKKE: SØKNAD OM FRÅDELING AV BUSTADTOMT.
KLAGE PÅ AVSLAG I DELEGERT SAKNR. 046/13.**

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune viser til uttale etter jordlova som viser til at klage ikkje inneheld nye moment og avslår søknad om å dela ifrå gbnr. 28/1, Bakke, ei bustadtomt, som omsøkt.

Søknaden kan ikkje godkjennast ut ifrå dei krav som jordlova er sett til å ivareta, jamvel om søknaden er i samsvar med arealdel til kommuneplan. Jordlova er ei særlov som skal høyrast i alle frådelingssaker. Det vert vist til landbrukskontoret sine uttaler.

Saka vert oversendt Fylkesmannen for avgjerd.

Vedtak er gjort med heimel i § 20-1 i plan- og bygningslova og §§ 9 og 12 i jordlova.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:

Fylkesmannen, dersom klage ikkje vert teken til fylgje.

Planutvalet, dersom klage vert teken til fylgje.

Saksdokument:

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
19.05.2013	KLAGE.PDF	60140
19.05.2013	TILLEGGSBREV.PDF	60141
19.05.2013	KART.PDF	60142

Klage, datert 23.04.2013.

Tilleggsbrev til søknad (før klage).

Kart.

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysninger:

Saksframstilling:

Det vart i delegert saknr. 046/13 gjeve avslag på søknad om frådelling av bustadtomt frå gbnr. 28/1, Bakke, ut ifrå at jordlova ikkje kunne godkjenna omdisponering av landbruksareal.

Vedtaket er påklaga til Utval for plan og miljø. Klagen har vore til ny handsaming ved landbrukskontoret, som ikkje kan sjå at det er kome inn vesentlege nye moment i klagen som gjer at saka skal vurderast på nytt i høve til jordlova § 12. Det må alltid vera godkjent omdisponering etter jordlova, før at ei frådelling kan godkjennast. Dette er fordi jordlova er ei særlov som skal høyrast ved alle frådellingar.

Klagar meiner omsøkt tomteareal er til lite nytte for hovudbruket og at det er funne fram til den beste plasseringa ut ifrå terreng og nytte av hovudbruket.

Arealdel til kommuneplan viser LNF-område for spreidd bustadbygging for inntil fem tomter. Det er frådelt ei bustadtomt kring tidlegare våningshus og det er soleis fire tomter att etter godkjent kommuneplan.

Klage (sjå vedlegg) vert lagt fram for Utval for plan og miljø for avgjerd. Vidare utgreiing går fram av delegert sak som er vist til nedanfor i saka.

Tidlegare handsaming (delegert saknr. 046/13):

” Saksopplysningar:

Søknaden gjeld frådelling av ei bustadtomt på ca 2 dekar frå gbnr. 28/1, Bakke. Arealdel til kommuneplan viser område for spreidd bustadbygging for inntil fem tomter.

Uttale frå jordbruksfagleg hald i kommunen:

” Gbnr. 28/1 har 33,2 dekar dyrka mark, 39,5 dekar beite, 313,6 dekar skog og 19,3 dekar anna markslag. Totalt har eigedomen 405,7 dekar. (Kjelde: Skog og landskap)

Det er ikkje sjølvstendig drift på bruket, men eit nabobruk leiger jorda.

Det er søkt om å få dele frå 2 dekar til bustadtomt og veg til tomta. Området er i kommuneplanen avsett til LNF med spreitt busetting.

Jordlova § 9 seier: *”Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida.”*

Arealet som er søkt frådelt ligg på ein liten høgde vest for gardstunet. I "Skog og landskap" sitt gardskart er markslaget definert som dyrka mark. Jordbruksarealet rundt gardstunet er 17 dekar stort. Omsøkt tomt vil liggje omtrent 40 meter i luftlinje frå driftsbygningen og 70 meter i luftlinje frå driftsbygningen på naboeigedomen, gbnr. 28/3.

Vegen til tomta vil følgje eigedomsgrensa og markslaget er definert som skog. Gbnr.28/1 vil eige vegen medan tomteeigar vil få tinglyst vegrett.

Ved onnetid køyrer traktorane gjennomgardstunet for å koma til dyrka mark. Det er trøngt å koma forbi driftsbygningen, som ligg i en sving og med fjell på den andre sida av vegen.

Våningshuset sine røyr til septiktanken vart øydelagd av køyringa. Løysinga er ikkje tilfredsstillande og den nye vegen til tomta vil også bli brukt som tilkomstveg for traktor til jordbruksarealet på vestsida.

Jordlova § 12 seier: *” Eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk kan ikkje delast utan samtykke frå departementet. Departementet kan gi samtykke dersom samfunnsinteresser av stor vekt talar for det, eller deling er forsvarleg ut frå omsynet til den avkastning eigedomen kan gi. Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til om deling kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det skal òg takast omsyn til godkjende planer som ligg føre for arealbruken etter plan- og bygningslova og omsynet til*

kulturlandskapet.”

På den eine sida: Tomta som er søkt frådelt ligg på dyrka mark og på ein liten høgde. Ei frådelling her vil føre til ei oppstykking av eit større jordbruksareal. Eigedomen er i dag ein odelseigedom på grunn av at dyrka mark er meir enn 25 dekar (Odelsloven § 2). Ei frådelling av dyrka mark kan gå ut over avkastningsevna til bruket og drifta vert mindre effektiv når ein må slå mange små areal. Tomta vil grense til dyrka mark på vestsida og sørsida og det vil ikkje vere nokon buffersone mot resten av jordbruksarealet. I røynda bør det vere 20 meter buffersone mellom dyrka mark og bustadtomt for å unngå moglege konflikthar mellom landbruksdrift og privatpersonar.

Ei fråskilt tomt kan seljast fritt på den opne marknaden og når tomta si tilkomstveg òg er ein driftsveg, som vil gå forbi tunet til den nye tomta, kan vere ein kjelde til konflikthar. Det er i dag ikkje tradisjonell drift på garden, men ei fråskilt tomt som ligg så nær driftsbygning kan få støy og luktproblem dersom det vert aktuelt å starte opp att med drift.

Arealet ligg i området avsett til LNF med spreitt busetting. Føresegnene i kommuneplanen seier at bustad ikkje skal liggje på dyrka eller dyrkbar jord.

På den andre sida: I kommuneplanen er området avsett til spreidd busetting og det er ønskjeleg frå politisk hald å byggje bustader her. Inntil fem bueiningar er regulert for området. Ei bustadtomt er frådelt etter plan. Omsøkt tomt er tenkt frådelt nær grensa nord på eigedomen for å unngå å få ei fråskilt tomt midt på eigedomen. Tilkomstvegen vil gå langs med grensa og skape ein buffersone mellom tomta og naboeigedomen, og vegen vil også hindre meir køyreskade på gardstunet. Søkjaren meiner jordkvaliteten på staden er dårleg og fekk for nokre år sidan utarbeidd eit kostnadsoverslag som synar svært store utgiftar for å grøfte og betre kvaliteten på jorda.

Samla sett vert frådelinga vurdert til å vere ein ulempe for landbruksdrifta i området og ei deling vil gå i mot føresegnene i kommuneplanen.

Omdisponering og deling kan ikkje godkjennast etter jordlova §§ 9 og 12. ”

Det er ikkje kome merknad til utsendt nabovarsel.

Grunngjeving:

Ved alle frådelingssøknader skal landbrukskontoret ha søknaden tilsendt for uttale i høve til jordlova. Jordlova er ei særlov og ei frådelling kan ikkje godkjennast om det ikkje vert godkjent omdisponering etter jordlova. Det er då ikkje grunnlag for frådelling fordi om søknaden ellers er i samsvar med arealdel til kommuneplan i same området.

Det vert vist til uttale etter jordlova. Søkjaden kan av den grunn ikkje godkjennast. ”

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
039/13	Utval for plan og miljø	06.06.2013	KKO

Sakshandsamer: Kjetil Koldal

Arkivsaknr 13/237

GBNR. 9/1, GAUGSTAD: SØKNAD OM FRÅDELING AV BUSTADTOMT FRÅ HOVUDBRUK. DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune gjev dispensasjon frå arealdel til kommuneplan og gjev løyve til å dela ifrå ei bustadtomt på 1,5 – 2 dekar rundt våningshus på gbnr. 9/1, Gaugstad, på fylgjande vilkår:

1. Høyringsinstansane må ikkje ha merknad til dispensasjonssøknaden. Kjem det merknad, må saka handsamast på nytt av Utval for plan og miljø.
2. Statens vegvesen må gje auka bruk av avkøyrsløse frå offentleg veg (fylkesveg).
3. Avlaup skal gå til eksisterande anlegg.

Vedtaket er gjort med heimel i §§ 19-2 og 20-1 i plan- og bygningslova og § 12 i jordlova.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:
Utval for plan og miljø.

Saksdokument:
Vedlegg:
Kart.

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
19.05.2013	KART.PDF	60144

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysninger:

Søknaden gjeld frådeling av tomt på 1,5 – 2 dekar rundt det nyaste våningshuset på gbnr. 9/1, Gaugstad.

Arealdel til kommuneplan viser LNF-område, med forbod mot frådeling og bygging. Saka er sendt høyringsinstansane for uttale, men frist er ikkje gått ut når saka vert gjort klar. Kjem det

inn merknader, må saka vurderast på nytt (jfr. pkt. 1). Omsøkt tomt ligg relativt nær område som i arealdelen er vist som LNF-område for spreidd bustadbygging for inntil fire tomter.

Søknaden er vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12. Det er ikkje påviselege funn i dei databasane som er tilgjengelege for slik avklaring. Arealet har vore bebygd i mange år og eventuelle ”spor” er ikkje lenger å sjå.

Uttale frå jordbruksfagleg hald i kommunen:

” Gbnr 9/1 har 18 dekar dyrka mark, 2 dekar innmarksbeite, 132 dekar produktiv skog og 5 dekar anna markslag. (ref. Skog og landskap). Areal vert nytta av ein nabo.

Det er 2 våningshus, driftsbygning og garasje/uthus på bruket.

Det er søkt om frådelling av bustadhus frå hovudbruk med tilhøyrande tomt på 1,6 dekar. Kommuneplanen viser at det er LNF-område der huset som er søkt frådelt ligg, men halve eigedomen i vest er merka for spreidd busetjing. Kommunen har tillete 4 bueiningar i det området.

Jordlova § 12 seier:

”Eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk kan ikkje delast utan samtykke frå departementet. Med eigedom meiner ein òg rettar som ligg til eigedomen og partar i sameige.

Departementet kan gi samtykke dersom samfunnsinteresser av stor vekt taler for det, eller deling er forsvarleg ut frå omsynet til den avkastning eigedomen kan gi.”

Gbnr. 9/1 ligg på Bogøya, vest i Fusa kommune og er ein liten landbrukseigedom. Arealet på bruket er brattlendt og det er inga drift på bruket i dag. Eigedomen har små ressursar og har ikkje trong for 2 hus.

Huset som er søkt frådelt ligg for seg sjølve, nedfor ein fjellkant og er skjerma frå det gamle våningshuset. Det er overflatedyrka jord nedanfor huset, men det er ei naturleg avgrensing mellom den planlagde tomtegrensa og dyrka marka.

Frådelling av huset vil ikkje gå ut over avkastningsevna til bruket.

Ei frådelling vil ikkje gå ut over drifta eller landbruksdrift i området.

Delinga kan godkjennast etter jordlova § 12. ”

Det er ikkje kome merknad til utsendt nabovarsel.

Vurdering:

Denne søknaden kan godkjennast etter krava i jordlova. Det er terreng, skjerming frå den øvrige eigedomen og lita avkastningsevne som ligg til grunn for denne vurderinga. Storleik på tomta må avpassast til terreng ved oppmåling. Derfor er det godkjent eit forholdsvis stor bustadtomt. Nærområdet har ei blanding av bustad og hytter. Søknaden vil ikkje skapa presedens eller ulemper for handhevinga av arealdel til kommuneplan, då tomta alt er bygd på. Det er ikkje nytt areal som vert teke ibruk. Uttale frå landbruk viser også at ei privatisering ikkje vil ha negativ innverknad for hovudbruket.

Rådmannen vil rå til at det vert gjeve dispensasjon og at søknaden vert godkjent.

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
040/13	Utval for plan og miljø	06.06.2013	KKO

Sakshandsamer: Kjetil Koldal

Arkivsaknr 13/315

**GBNR. 89/3, LEGLAND: SØKNAD OM FRÅDELING AV
BUSTADTOMT RUNDT VÅNINGSHUS OG DRIFTSBYGNING.
DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN.**

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune gjev dispensasjon frå arealdel til kommuneplan og gjev løyve til å dela ifrå gbnr. 89/3, Legland, ei bustadtomt på inntil 5 dekar, på fylgjande vilkår:

1. Høyringsinstansane må ikkje ha merknad til dispensasjonssøknaden. Kjem det merknad, må saka handsamast på nytt av Utval for plan og miljø.
2. Frådeling skal skje i samsvar med lover og føresegner.
3. Vilkår for omdisponeringa frå landbrukskontor skal etterkomast.

Fusa kommune gjev løyve til auka bruk av avkøyrsløse frå kommunal veg.

Vedtak er gjort med heimel i §§ 19-2 og 20-1 i plan- og bygningslova, §§ 9 og 12 i jordlova og §§ 40 – 43 i veglova.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:
Utval for plan og miljø.

Saksdokument:

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
20.05.2013	KART.PDF	60146

Kart.

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysninger:

Søknaden gjeld frådelling av tomt på inntil 5 dekar rundt hus og driftsbygningar på gbnr. 89/3, Legland. Jordlova opnar opp for slik frådelling i særskilde tilhøve. Det vert vist til uttale frå landbrukskontoret, for grunnngjeving.

Arealdel til kommuneplan viser LNF-område, med forbod mot frådelling og bygging.

Dispensasjonssøknaden er sendt høyringsinstansane for uttale. Fristen for dette er ikkje gått ut og eventuelle merknader vil medføra at saka må handsamast ein gong til.

Uttale frå jordbruksfagleg hald i kommunen:

Gbnr. 83/4 har 104,3 dekar dyrka mark, 55,5 dekar innmarksbeite, 329,8 dekar skog og 120,9 dekar anna markslag. Totalt har eigedomen 610,5 dekar. (Kjelde; Skog og landskap).

Det er ikkje sjølvstendig drift på garden, men naboar i aktiv drift leiger areala.

Det er søkt om å få dele frå eit bustadhus, ein garasje og ein driftsbygning med tilhøyrande tomt på til saman 5 dekar.

Området er avsett til LNF i kommuneplanen.

Jordlova § 9 seier:

"Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida"

Søknaden gjeld frådelling av bygningar med tilhøyrande tomt. 2,9 dekar gjeld omdisponering av dyrka mark. Arealet er tenkt nytta som plen.

Jordlova § 12 seier:

"Eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk kan ikkje delast utan samtykke frå departementet. Departementet kan gi samtykke dersom samfunnsinteresser av stor vekt taler for det, eller deling er forsvarleg ut frå omsynet til den avkasting eigedomen kan gi. Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til om deling kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det skal òg takast omsyn til godkjende planer som ligg føre for arealbruken etter plan- og bygningslova og omsynet til kulturlandskapet."

Gbnr. 83/4 er ein landbrukseigedom i Strandvik som består av fleire gards- og bruksnummer. Til saman har grunneigar tre bustadhus, to driftsbygningar, eit reiskapshus, ein garasje, ein revegard i utmark og eit naust. Grunneigar driv ikkje garden sjølv, men leiger den ut til fleire naboar i aktiv drift. Ho søker no om å få skilje frå bygningane på den eine grunneigedomen, gbnr. 89/3.

Eigedomen har ein stor bygningsmasse og grunneigar har vanskar med å vedlikehalde alle bygningane. Hovudbruket, gbnr. 83/4, har gardstun like nord for Strandvik sentrum. Tunet består av våningshus, kårhus, driftsbygning og reiskapshus. Grunneigar bur i våningshuset, medan foreldra bur i kårhuset.

Gardstunet på gbnr. 89/3 ligg for seg sjølv på ei høgde aust for Strandvik sentrum og er det siste bustadhuset ein kjem til. Det går bilveg forbi garden og eit lite stykke vidare oppover. I området er det fleire gardar og aktiv landbruksdrift.

Landbrukskontoret har vore på staden og synfaringa viser at omsøkt bustadtomt har god arrondering. Det vil sei at bustadtomta ligg på ein høgde. Bak bygningane skrar terrenget nedover mot resten av eigedomen si dyrka mark og beite. Framom bygningane mot bilvegen ligg 2,8 dekar dyrka mark. Ved ei frådelling er det naturleg å ta med marka fram til vegen, slik at vegen vert ei buffersone mot resten av arealet på gbnr. 89/3.

På den eine sida vert det ei frådeling av bustadtomt i eit aktivt landbruksområde, som kan føre til konflikhtar mellom private interesser og landbruksdrift i området.

På den andre sidan har ikkje gbnr. 83/4 bruk for 3 hus og har store kostnader med å vedlikehalde alle bygningane.

Omdisponering av dyrka mark vert tillete til landbruksføremål og plen. Anna bruk må søkjast om til landbrukskontoret.

Frådeling av omsøkte bygningar vil ikkje gå ut over avkastningsevna på garden.

Omdisponering og deling kan godkjennast etter jordlova §§ 9 og 12. ”

Det er ikkje kome merknad til utsendt nabovarsel.

Vurdering:

Rådmannen meiner det er mogeleg å godkjenna dispensasjon og frådeling i denne saka. Tunet på hovudbruket ligg annan plass i Strandvik. Det er mange bygingar som skal vedlikehaldast.

Jordlova opnar opp for frådeling av større areal (inntil 5 dekar) rundt tun på eit gardsbruk.

Landbrukskontoret kan godkjenna omdisponering og viser til at avkastningsevna til bruket ikkje vil bli forringa ved ei frådeling som her.

Saksnr	Utval	Møtedato	Saksbeh.
041/13	Utval for plan og miljø	06.06.2013	KKO

Sakshandsamer: Kjetil Koldal

Arkivsaknr 13/630

GBNR. 125/11, ABOTNES: SØKNAD OM BYGGELØYVE FOR TERRASSE OG FASADEENDRING PÅ NAUST/ RORBU. DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune gjev dispensasjon frå arealdel til kommuneplan og godkjenner bygging av terrasse og fasadeendring på naust/ rorbu på gbnr. 125/11, Abotnes, på fylgjande vilkår:

1. Høyringsinstansane må ikkje ha merknad til dispensasjonssøknaden. Kjem det merknad, må saka handsamast på nytt i Utval for plan og miljø.
2. Arbeidet skal utførast i samsvar med gjeldande lover og føresegner. Ansvarleg utførande skal meldast og godkjennast før arbeidet tek til.

Haavik & Lien Bygg AS, 5680 Tysnes, får lokal godkjenning som ansvarleg søkjar i samsvar med søknad.

Vedtak er gjort med heimel i arealdel til kommuneplan, jfr. §§ 8-1, 19-2, 20-1 og 22-3 i plan- og bygningslova.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:
Utval for plan og miljø.

Saksdokument:
Vedlegg:
Kart og teikningar.

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
20.05.2013	KART/ TEIKNINGAR.PDF	60148

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysninger:

Det er søkt om dispensasjon frå arealdel til kommuneplan for bygging av ny terrasse, samt fasadeendring, på naust/ rorbu på gbnr. 125/11, Abotnes. Naust/ rorbu er samanbygd med verkstadbygg. Bygget ligg heilt i sjøkanten og dispensasjonen gjeld både tiltak langs sjøen/ 100-metersbeltet langs sjøen (§8-1) og arealdel til kommuneplan. Naust/ rorbu er bygd på 50-talet. Loftshøgda på delar av bygget vart innreia for utleige på 70-talet. Det vert opplyst i søknad at terrassen vil betra brukartilhøve og kvaliteten på utleigeobjektet. Arealdelen viser LNF-område. Søknaden er sendt høyringsinstansane for uttale. Dersom det kjem merknad til søknaden, vil saka bli handsama på nytt.

Det er ikkje kome merknad til utsendt nabovarsel.

Vurdering:

Bygging av terrasse og fasadeendring vil ikkje påvirka allmenn bruk av området i særleg grad og vil ikkje gjera at omsyna bak prinsippa om forbod i lovverket vert sett til side. Då utleigedelen vart etablert på 70-talet, har også det offentlege i prinsippet godkjent bruk av delar av bygget til føremålet. Utleigedelen er også med på å styrka næring og busetjing i denne delen av kommunen.

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
042/13	Utval for plan og miljø	06.06.2013	KKO

Sakshandsamer: Kjetil Koldal

Arkivsaknr 13/643

GBNR. 13/6, HOLMEFJORD NORDRE: SØKNAD OM RAMMELØYVE FOR RIVING AV ELDTRE BYGG OG BYGGING AV BUSTADHUS OG GARASJE. DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune gjev dispensasjon frå arealdel til kommuneplan og godkjenner rammeløyve for riving av eldre bygg og bygging av nytt bustadhus og garasje på gbnr. 13/6, Holmefjord nordre, på fylgjande vilkår:

1. Høyringsinstansane må ikkje ha merknad til dispensasjonssøknaden. Kjem det merknad, må saka handsamast på nytt av Utval for plan og miljø.
2. Det skal søkjast om igongsetjingsløyve før rivingsarbeid og bygging av ny bustad og garasje tek til.
3. Rivingsavfall skal leverast godkjent deponi. Det skal leverast sluttrapport og avfallsplan ved søknad om ferdigattest. Avfallshandteringa skal dokumenterast.
4. Avlaup skal gå til offentleg leidningsanlegg. Endringar på dette skal på førehand godkjennast av Fusa kommune.

Heidal Grunn & Betong AS, 5646 Nordtveitgrend, får lokal godkjenning i samsvar med søknad.

Vedtak er gjort med heimel i §§ 8-1, 19-2, 20-1, 21-2 og 22-3 i plan- og bygningslova.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:
Utval for plan og miljø.

Saksdokument:
Vedlegg:
Dispensasjonssøknad. Kart og foto. Teikningar.

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
21.05.2013	DISPENSASJONSSØKNAD.PDF	60157
21.05.2013	KART OG FOTO.PDF	60158
21.05.2013	TEIKNINGAR.PDF	60159

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysninger:

Det er søkt om dispensasjon frå arealdel til kommuneplan og rammeløyve for riving av eksisterande bustad/ butikk/meieri og lagerhus på gbnr. 13/6, Holmefjord nordre, for deretter å byggja nytt bustadhus og garasje. Bustad får grunnflate på 122 m² og bruksareal på 208 m². Garasje får grunnflate på 70 m² i ein etasje med eit mindre loft. Avlaup vert søkt tilkopla nytt kommunalt leidningsnett, medan tilkomst vert frå eksisterande avkøyrsløse frå fylkesveg.

Arealdele til kommuneplan viser noverande naustområde og LNF-område. Fristen for uttale frå høyringsinstansane er ikkje gått ut og eventuelle merknader vil bli lagt fram for Utval for plan og miljø for handsaming seinare.

Søkjjar opplyser at bygga har vore i bruk frå 1920-talet. Det har vore to leiligheiter i andre etasje og kombinert butikk og meieri i fyrste. Leiligheitene var i bruk til til for 15 år sidan, medan butikk/ meieri vart avslutta på 1970-talet. Bygga er i dårleg forfatning, med taklekkasjar, m.m. og stettar ikkje dagens krav til bustadføremål.

Det er ikkje kome merknad til utsendt nabovarsel.

Vurdering:

Fusa kommune er kjend med at bygningane her tidlegare har vore nytta som kombinert bustad og handel. Det er derfor ikkje snakk om bruksendring, men nyetablering. Slik bygga framstår i dag, er dei synsmessig skjemma. Ved ny busetjing her, vil miljøet bli ivareteke og det vert synleg aktivitet. Tidlegare bruk av eigedomen vil ikkje gjera området meir privatisert enn det som er idag og vil ikkje påverka vidare bruk av naustområdet i kommuneplan.

Saksnr	Utval	Møtedato	Saksbeh.
043/13	Utval for plan og miljø	06.06.2013	KKO

Sakshandsamer: Kjetil Koldal

Arkivsaknr 12/108

GBNR. 86/2, VIK LILLE: SØKNAD OM FRÅDELING AV BUSTADTOMT. KLAGE PÅ AVSLAG I DELEGERT SAKNR. 188/12.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune meiner det ikkje kjem fram nye opplysningar i klage som gjer at delegert vedtak skal gjerast om og held på vedtak i saknr. DS 188/12, som lyder:

Fusa kommune avslår søknad om frådeling av bustadtomt frå gbnr. 86/2, Vik lille, som omsøkt.

Grunngjeving for avslag er at arealet ikkje kan omdisponerast etter jordlova og at overordna plan viser LNF-område med bygge- og delingsforbod.

Saka vert oversendt Fylkesmannen for avgjerd.

Vedtak er gjort med heimel i arealdel til kommuneplan og jordlova § 12.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:
Fylkesmannen.

Saksdokument:

Vedlegg:

Klage datert 27.11.2012 og kart.

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
21.05.2013	KLAGE 27.11.2012.PDF	60228
21.05.2013	KART.PDF	60229

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysninger:

Fusa kommune gjorde i delegert sak DS 188/12 eit avslag på søknad om å dela ifrå ei bustadtomt frå gbnr. 86/2. Advokatane Kvåle og Skeie ANS, v/ Øyvind Kvåle, har påklaga dette vedtaket og forandra på dei ynskte tomtegrensene. Tomta vert flytta noko for å få ei

betre buffersone mot dyrka mark og auka frå eit dekar til to dekar. Klage vart oversendt landbrukskontoret for ny vurdering og det er kome ny uttale på dette som lyder:

” Fusa kommune har motteke ein klage frå Advokatane Kvåle og Skeie ANS, på vegne av Ingeborg Vik. Advokat Øyvind Kvåle klagar på sakshandsaminga etter jordlova § 12.

Nytt i saka er at det no er søkt om å få dele i frå huset med 2 dekar tomt i staden for 1 dekar, grunna omsyn til buffersone mot resten av jordbruksarealet. Landbrukskontoret vart beden om å reise på synfaring og torsdag 18. april var Jorunn Kårvatn ute på staden.

Gbnr. 87/7 er hovudeigedomen og gbnr. 86/2 er ein grunneigedom som ligg under gbnr. 87/7. Våningshuset på garden ligg på gbnr. 87/7 saman med to andre landbruksbygg.

Bustaden som er søkt frådelt ligg på gbnr. 86/2, for seg sjølve og eit lite stykke unna tunet. Bustaden står på eit fulldyrka areal som er 10,9 dekar stort. På andre sidan av vegen er eit samanhengande fulldyrka areal på 8 dekar der gbnr. 87/7 eig 3,9 dekar. Areala er leigd ut til ein nabo i aktiv drift, ligg i nærleiken og er raskt tilgjengeleg for leigetakar.

På den eine sida har grunneigar på gbnr. 87/7 ikkje bruk for to hus på garden og fleire bygningar fører til større kostnader til vedlikehald.

På den andre sidan kan det vere ei ulempe for landbruksdrifta i området om bustaden med tilhøyrande tomt vert delt i frå samtidig som ressursgrunnlaget vert mindre. Frådelt tomtar kan føre til konflikhtar mellom privatpersonar og landbruksdrifta i området.

Landbrukskontoret viser òg til tidlegare uttale og kan ikkje godkjenne ei frådeling etter jordlova § 12.”

Vurdering:

Som det går fram av ny uttale frå landbrukskontor, gjer ikkje endringa av tomta at vurdering etter jordlova vert forandra. Søknaden kan framleis ikkje godkjennast. Dette er eit større samanhengande dyrka område. Ei frådelt tomt kan omsetjast fritt på marknaden og kan i ettertid skapa problem mellom landbruksdrift og eigarar. Sidan omdisponering ikkje kan godkjennast etter jordlova, kan det heller ikkje godkjennast dispensasjon frå arealdel til kommuneplan. Kommuneplan viser LNF-område, med forbod mot bygging og frådeling. Det vert for øvrig vist til uttale og saksutgreiing i delegert sak 188/12.

Saksutgreiing i delegert saknr. DS 188/12, fylgjer heretter:

”Saksframstilling:

Saksopplysningar:

Det er søkt om løyve til å dela ifrå gbnr. 86/2 ei bustadtomt på ca 0,7-0,8 dekar, rundt eit eksisterande bustadhus. Dette er våningshuset på gbnr. 86/2, der driftsbygning og uthus er rive ned for fleire år sidan.

Arealdel til kommuneplan viser LNF-område med forbod mot frådeling og bygging. Det er i stor grad dyrka jord rundt bygningen og i tillegg går det ein privat veg forbi.

Uttale etter jordlova frå jordbruksfagleg hald i kommunen:

” Gbnr. 86/2 (87/7) har; 31,9 dekar dyrka mark, 16,5 dekar innmarksbeite, 181,4 dekar skog og 78,7 dekar anna markslag. Totalt har eigedomen 309 dekar.

Det er ikkje sjølvstendig drift på garden, men jorda vert leigd ut til ein nabo.

Det er søkt om å få dele frå det eine huset på garden.

Arealet ligg i LNF-område i kommuneplanen,

Jordlova § 12 seier: ”Eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk kan ikkje delast utan samtykke frå departementet. Departementet kan gi samtykke dersom samfunnsinteresser av stor vekt taler for det, eller deling er forsvarleg ut frå omsynet til den avkasting eigedomen kan gi. Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til om deling kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det skal òg takast omsyn til godkjende planer som ligg føre for arealbruken etter plan- og bygningslova og omsynet til kulturlandskapet.”

Huset som er søkt frådelt ligg ikkje i tunet, men eit lite stykke unna.

Rundt huset er det flat dyrka mark på alle kantar. Det går veg til huset og vidare forbi.

Huset ligg midt på dyrka mark og ved ei frådeling vert det inga buffersone mot landbruksarealet på nokon kantar.

Eit frådelt bustadhus kan seljast fritt på det opne markedet og til kven som helst. Erfaring visar at det fort kan bli konflikhtar mellom bustad og landbruksdrift.

Ei frådeling kan vere til stor ulempe for drifta på bruket og landbruksdrift i området.

Frådeling kan ikkje godkjennast etter Jordlova § 12. ”

Grunngjeving:

Søknaden er ut ifrå uttale etter jordlova ikkje sendt vidare til Fylkesmann og Hordaland fylkeskommune for uttale/ høyring, sidan omdisponering ikkje kan godkjennast. Det må føreliggja ein positiv uttale frå landbruksmyndigheitene, før ein søknad kan sendast vidare til høyringsinstansane. Jordlova er ei særlov som skal vurderer alle søknader som omhandlar jordbruket. Kan ikkje arealet omdisponerast, så kan det heller ikkje godkjennast frådeling etter plan- og bygningslova eller overordna plan.

Ut ifrå dette avslår rådmannen søknad om frådeling.